



Kopimottaker

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/876 - 14/5715

Saksbehandlar:

Toril Marie Mulen

toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:

02.06.2014

## Delingssak gbnr 522 Taule - vurdering etter jordlova

Vi viser til dykkar søknad om deling dagsett 23.02.2014. Saka er motteke hos landbrukskontoret 19.03.2014. Det er to våningshus på landbrukseigedommen gnr/bnr 52/2 Taule. De søker om å dele ifrå nyehuset som er bygd på 80-talet. Føremålet med delinga er å selje resten av gardsbruket.

Landbrukseigedommen gnr/bnr 52/2 har 4,1 daa fulldyrka areal, 2,6 daa overflatedyrka areal, 22 daa innmarksbeite og noko anna skog og fastmark. Totalt areal på landbrukseigedommen er 64,3 daa.

Jamfør rundskriv M-1/2013 skal ein vurdere Jordlova § 9 om ein skal vurdere Jordlova § 12.

### Jordlova § 9 Bruk av dyrka og dyrkbar jord

*«Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.»*

I denne saka vil det arealet som vert att etter ei eventuell deling framleis bli brukt i tråd med LNF-føremålet. I og med at arealføremålet etter deling er i tråd med LNF-føremålet vil ein i denne saka være i samsvar med Jordlova § 9 som gjeld bruken av dyrka og dyrkbar mark for jorda som vert att.

### Jordlova § 12 Deling

Vurdering:

Det skal vurderast om ei deling vil legge til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur.

I dette inngår:

- Vern av arealressursane
- Om delinga fører til ei driftsmessig god løysing
- Om delinga fører til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket

Landbrukseigedommen gnr/bnr 52/2 er ei etter måten lita eining om ein ser på gjennomsnittstorleiken på gardsbruk i regionen.

I denne saka er intensjonen å dele ifrå det nyaste våningshuset for å kunne selje resten av garden som ei heil eining. Eit samtykke til deling vil gje nokon høve til å busetje seg og drive matproduksjon i liten skala på den delen av landbrukseigedommen som vert att. Dette vurderast å være ei god løysing.

Ei deling i denne saka kan gje ei driftsmessig god løysing, og vert vurdert til å være ei god løysing i denne saka.

Ei deling vil alltid kunne gje uforutsette drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket. Men, i denne saka finn rådmannen at ein har tillempa å redusere ulempene gjennom måten tomta ein søkjer om å dele ifrå er planlagt, vi viser til kartet som ligg ved søknaden og det vurderast å være ei god løysing i denne saka.

**Vedtak:**

Rådmannen gir samtykke til deling av gnr/bnr 52/2. Vedtaket har heimel i Jordlova § 12.

**Klage:**

De har høve til å klage på vedtaket. Ei eventuell klage skal grunngjevast. Klagefristen er tre veker frå søkjar fekk underretning om vedtaket.

Med helsing

Torill Marie Mulen  
leiar

Toril Marie Mulen  
leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

